

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.06.2011
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per mai 2011**

Arkivsak

2011/11

Styresak 071/11 B

Styremøte 22.06. 2011

Forslag til vedtak

Styret tek rapportering frå verksemda per 31. mai 2011 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per utgangen av mai 2011 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak har gått ned frå seinsommaren 2010 og fram til no, både for ventande og behandla, når ein ser på alle fagområde for RHF-et samla. I mai 2011 var den gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling 69 dagar, medan den nasjonale målsettinga er å nå 65 dagar i gjennomsnitt. Den samla ventetida for behandla pasientar er på same nivå som for eitt år sidan både innan psykisk helsevern for vaksne, innan BUP og innan somatikken. For pasientar som framleis ventar er den gjennomsnittlege ventetida innan BUP noko høgare enn for eitt år sidan, innan psykisk helsevern for vaksne og innan somatikken er den gjennomsnittlege ventetida litt kortare enn for eitt år sidan. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar.

Akkumulert resultat pr mai er kr 59,6 mill betre enn budsjettet. Helse Stavanger og Helse Førde rapporterer om ei realisert omstilling på hhv 47 og 78 % av plan. Helse Fonna etablerte si tiltakspakke i april og har realisert ein effekt på 18% av plan. Helse Fonna og Helse Førde melder ei prognose som er hhv. kr 12,6 og 25 mill dårlegare enn budsjett, medan dei andre føretaka rapporterer ei prognose som er lik budsjettet resultatkrav. Likviditeten forverrar seg mot slutten av året som følgje av betaling av KLP reguleringspremie. Samla sett ligg likevel driftskreditten godt innafor tildelt trekkramme.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. mai 2011. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane med tilhøyrande definisjon. Grenseverdiane som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07. Grenseverdiane er justert slik at dei er i tråd med måla som blei sett i styringsdokumenta for 2011.


Kommentar

1. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa blir tal for ventetidsutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilskepeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget er det same som pasientregisteret nyttar til nasjonal statistikk. Data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekome.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i mai 2010 var på 69 dagar. Styringsmålet i oppdragsdokumentet for 2011 er at gjennomsnittleg ventetid i spesialisthelsetenesta skal ned mot 65 løpedagar ved utgangen av 2011 for behandla pasientar. Figuren nedanfor viser korleis ventetidene varierar mellom helseføretaka for pasientar som har starta behandling, for alle fagområda samla. Av dei fire helseføretaka er det berre Helse Fonna HF som har ei samla ventetid under 65 dagar. Helse Stavanger HF forventar å nå dette målet i løpet av hausten 2011 og har satt i verk fleire tiltak, men forventar ei stiging i ventetida i løpet av sommaren. Helse Førde HF låg på 72 dagar i mai 2011, men er usikker på om dei vil nå målet i 2011 grunna auke i talet tilvisingar og utfordringar knytt til omstillingar framover. I Helse Førde har ventetidsutviklinga stort fokus i leiinga og det er sett i gang kvalitetsprosjekt i høve til tilvisingspraksis hjå fastlegane. Ventetida for behandla i Helse Bergen HF var 71 dagar i mai 2011 og forventar å nå målsettinga innan utgangen av 2011 gjennom ein 20 % reduksjon i talet ventande.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av mai 2001 var 79 dagar. I figuren nedanfor er den samla ventetida for dei pasientane som framleis venta ved utgangen av siste månad vist fordelt per helseføretak.

Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde




Somatikk

Samla har dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande innan somatikken stort sett gått gradvis nedover i hele perioden frå august 2010 til mai 2011. Dette gjeld både for ventande med prioritet og for ventande utan prioritet. Frå mars til april gjekk ventetida litt opp, noko som hang saman med påskeveka si plassering, for så å gå litt ned igjen frå april til mai.

For pasientar med prioritet var ventetida ved utgangen av mai 2011 56 dagar, noko som er 3 dagar kortare enn førre månad, og 8 dagar kortare enn ved utgangen av mai 2010. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida 106 dagar, noko som er 10 dagar kortare enn i mai 2010.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan somatikk




Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som framleis venta på behandling ved utgangen av mai 2011, både med og utan prioritet, var 79 dagar innan somatikken. Den samla ventetida ligg dermed 3 dagar lågare enn i april, og i gjennomsnitt 7 dagar kortare enn til same tid i 2010. For pasientane som starta si behandling i mai 2011 var den samla gjennomsnittlege ventetida 70 dagar, noko som er 2 dagar kortare enn førre månad, og i tråd med ventetida i mai førre år (2010).

Helse Fonna HF var det helseføretaket som hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene ved utgangen av mai 2011 for ventande med prioritet (47 dagar). Dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka var 49 dagar i Helse Førde HF, 55 dagar i Helse Bergen HF og 64 dagar i Helse Stavanger HF ved utgangen av mai 2011. Kortast ventetid for ventande utan prioritet hadde Helse Fonna HF (97 dagar), medan ventetida for pasientar utan prioritet var 104 dagar i Helse Førde HF, 107 dagar i Helse Stavanger HF og 111 dagar i Helse Bergen HF.


I figuren under er utviklinga i samla gjennomsnittlege ventetida for ventande, både for pasientar med og utan prioritet, vist slik den fordelar seg per helseføretak innan somatikken.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta behandling i mai 2011, så var dei 61 dagar for prioriterte og 88 dagar for ventande utan prioritet. For prioriterte pasientar er dette likt med ventetida i mars og april 2010, og 1 dag kortare enn for eitt år sidan. For behandla utan prioritet er ventetida 4 dagar lengre for enn for eitt år sidan, og 7 dagar kortare enn i april 2011.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Den samla utviklinga i gjennomsnittleg ventetid for pasientar som er tatt til behandling fordelt per helseføretak er vist i figuren over.

Psykisk helsevern for barn og unge

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) har ventetidene, som i hovudsak har peika nedover sidan august 2010, gått noko opp både i april og mai 2011. Særleg då for pasientar med prioritet, som utgjer nær 85 % av dei ventande. Ventetidene for dei ventande har stege i alle dei fire helseføretaka.


Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP)



Slettet: 1


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet var 67 dagar ved utgangen av mai 2011. Dette er 4 dagar lengre enn ved utgangen av førre månad og 14 dagar lengre enn i mai 2010. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per mai 2011 95 dagar, noko som er 3 dagar lengre enn for eitt år sidan. Figuren over syner og at den gjennomsnittlege ventetida framleis er klart lågare for pasientar med prioritet, enn for dei utan prioritet. Samla gjennomsnittleg ventetid for alle som venta innan BUP ved utgangen av mai 2011 var 72 dagar, noko som er 13 dagar meir enn for eitt år sidan. Den samla ventetida for pasientane som starta behandling i mai 2011 var 65 dagar i gjennomsnitt, noko som er 5 dagar kortare enn i mai 2010.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Den gjennomsnittlege ventetida for pasientar med prioritet var kortast i Helse Stavanger HF ved utgongen av mai 2011 med 39 dagar i gjennomsnitt, tett følgt av Helse Førde HF (43 dagar) og Helse Bergen HF (46 dagar). Den gjennomsnittlege ventetida for prioriterte pasientar i Helse Fonna var heile 113 dagar ved utgongen av mai i år. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 86 dagar i Helse Bergen HF til 118 dagar i Helse Førde HF.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP




Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i mai 2011 var 62 dagar, noko som er 6 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet på pasientar utan prioritet som startar behandling er svært lågt, noko som gir store variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene. I gjennomsnitt var ventetida 100 dagar for pasientar utan prioritet som blei tatt til behandling i mai 2011, noko som er 10 dagar kortare enn for eitt år sidan.

Psykisk helsevern for vaksne

Av figuren nedanfor som syner utviklinga i gjennomsnittlege ventetider innan psykisk helsevern for vaksne ser ein at ventetida har peikt nedover i dei siste sju månadene for ventande med prioritet, for så å gå litt opp i april, og så halde same nivå i mai 2011. For pasientar utan prioritet har ventetida gått ned i hele perioden frå august 2010, med unntak av i desember 2010. Ved utgongen av mai 2011 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 47 dagar og 106 dagar for dei utan prioritet. For pasientar med prioritet er ventetida i gjennomsnitt 26 dagar kortare enn for eitt år sidan, og identisk med ventetida i april 2011. For ventande utan prioritet er ventetida 30 dagar kortare enn for eitt år sidan. Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande var 70 dagar per utgongen av mai 2011. Dette er i markant kortare enn i mai 2010, og 1 dag kortare enn ved utgongen av førre månad.


For pasientane som starta behandling i mai 2011 var den samla gjennomsnittlege ventetida 50 dagar, noko som er identisk med ventetida i april 2011 og 1 dag kortare enn i mai 2010.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for vaksne




Helse Bergen HF og Helse Førde HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar som framleis venta ved utgangen av mai 2011 med høvesvis 36 og 39 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste gjennomsnittlege ventetidene for dei same pasientane med 59 dagar. Gjennomsnittleg ventetid for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF var 51 dagar ved utgangen av mai. For ventande utan prioritet varierte dei gjennomsnittlege ventetidene frå 68 dagar i Helse Førde HF til 126 dagar i Helse Bergen HF.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseforetak – PH vaksne



For prioriterte pasientar som vart tatt til behandling i mai 2011 var den gjennomsnittlege ventetida 48 dagar, noko som er 2 dagar kortare enn for 12 månader sidan. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida for pasientar som starta behandling i mai 2011 65 dagar, noko som er 6 dagar lengre enn for eitt år sidan.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



2. Fristbrot og langtidsventande

I Helse Vest har helseføretaka arbeidd aktivt med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot, som alle har hatt den same nedgåande utviklingstrenden det seinaste året og særleg sidan sommaren 2010.

Samla utvikling i tal fristbrot for Helse Vest


Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2010-mai	3138	10 %	1498	17 %	4636	12 %	2655	23 %
2010-jun	3122	10 %	1793	17 %	4915	12 %	2552	22 %
2010-jul	4166	13 %	1084	19 %	5250	14 %	2606	25 %
2010-aug	4225	14 %	2192	25 %	6417	17 %	3101	30 %
2010-sep	3471	11 %	2789	24 %	6260	15 %	2988	25 %
2010-okt	3014	10 %	2222	21 %	5236	13 %	2488	20 %
2010-nov	2027	7 %	2287	18 %	4314	10 %	2033	18 %
2010-des	1363	5 %	1560	15 %	2923	8 %	1453	11 %
2011-jan	1219	4 %	1307	11 %	2526	6 %	1603	14 %
2011-feb	1028	4 %	1037	9 %	2065	5 %	1205	11 %
2011-mar	893	3 %	1020	8 %	1913	5 %	1244	10 %
2011-apr	974	4 %	751	8 %	1725	5 %	1131	11 %
2011-mai	1250	5 %	1006	9 %	2256	6 %	1529	13 %

Ved utgangen av mai 2011 hadde 5 % av alle som framleis venta på behandling allereie passert den individuelle behandlingsfristen dei var tildelt. 9 % av dei som blei tatt til behandling i mai 2011 starta behandlinga fyrst etter at fristen var passert. I sum gjev dette at totalt 6 % av alle dei som venta eller ble behandla i Helse Vest hadde fristbrot i mai 2011. Eit av verkemidla for å redusere delen fristbrot er at det ikkje skal genererast nye fristbrot. Dei siste kolonnane i tabellen viser delen pasientar som har generert fristbrot i løpet av perioden. Desse pasientane inngår anten i talet ventande med fristbrot eller i talet behandla med fristbrot, og kjem såleis ikkje i tillegg til desse.

I den månadlege rapporteringa frå dei regionale helseføretaka til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling inneverande måned som skal rapporterast. I tabellen under kan ein sjå utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per


helseføretak, samt dei private ideelle sjukehusa (samla). Helse Stavanger HF har hatt den høgaste delen fristbrott heile det seinaste året, men utviklinga i talet fristbrot har vore positiv frå september 2010 og fram til no. I denne perioden har delen fristbrot i Helse Stavanger HF gått ned frå 35 % til 18 % og dei håpar å nå målsettinga om nær 0 % fristbrot seinast i løpet av oktober/november. I Helse Bergen HF har delen fristbrot gått ned frå 21 % i september 2010 til 5 % i mai 2011, medan delen fristbrot har gått ned frå 22 % til 2 % i Helse Førde HF i same periode. Helse Førde HF seier at dei har kontroll på situasjonen, men at sommaren kan bli ei utfordring. Helse Bergen HF er og svært nær målet når det gjeld fristbrot og forventar å oppfylje målsettinga snarleg. Utfordringane ligg hjå enkeltavdelingar som det jobbast med. Helse Fonna HF hadde den lågaste delen fristbrot av dei fire helseføretaka i 2010, men har hatt ein stigning i talet fristbrot i 2011. Dette kan ha samanhang med overgangen til nytt PAS frå DIPS, men og kjende rekrutteringsutfordringar innan BUP som påverkar biletet.

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusera talet langtidsventande, både reelle ventande og ikkje-reelle, som har ei ventetid på eitt år eller meir. Figuren under viser utviklinga i det totale talet langtidsventande per helseføretak i perioden frå august 2010 til mai 2011. Som ein kan sjå av figuren har talet langtidsventande gått markant ned ved dei fleste helseføretaka sidan hausten 2010. Unntaket er Helse Fonna HF som har hatt ei relativt flat utvikling i perioden, men dei hadde også det lågaste talet langtidsventande i utgangspunktet (aug.10). Ved utgangen av mai 2011 hadde Helse Stavanger HF flest langtidsventande med totalt 400, medan Helse Førde HF færrest med om lag 60.

Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



3. Økonomi

3.1 Resultat


Berekingar viser eit høgare kostnadsnivå knytt til pensjon enn det som låg til grunn for budsjettføresetnadane for 2011. I revidert nasjonalbudsjett har Regjeringa gjort framlegg om å dekke denne meirkostnaden i helseføretaka og resultatoversikten under er korrigert for dette.

	Mai			Hittil pr. mai		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	794	1 678	-884	6 009	3 539	2 470
Helse Bergen	17 847	14 666	3 181	77 432	67 772	9 660
Helse Fonna	-4	907	-910	-4 289	4 443	-8 732
Helse Førde	-552	-3 258	2 706	-16 855	-17 233	378
Helse Stavanger	6 757	3 279	3 478	23 841	16 611	7 230
Fellesområde, føretaksgruppa	20 581	4 765	15 816	77 639	35 951	41 688
Administrasjonen	-164	-447	283	2 464	-1 120	3 584
Helse Vest IKT	971	-1 148	2 119	255	-3 049	3 305
Til saman	46 230	20 441	25 790	166 496	106 913	59 583

Alle tall i heile tusen

Akkumulert resultat pr mai er positivt med kr 166,5 mill som er kr 59,6mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

I mai har Helse Stavanger eit resultat på kr 6,8 mill noko som er kr 3,5 mill betre enn budsjettet. Akkumulert er resultatet kr 23,8 mill som er kr 7,2 mill betre enn budsjettet.

Inntektssida har eit akkumulert avvik på pluss kr 15,3 mill som hovudsakleg er relatert til polikliniske inntekter og "Raskare tilbake". Personalkostnadane syner eit negativt avvik på kr 15,1 mill etter fem månader. Kr 2 mill av avviket er knytt til innleige frå eksterne byrå noko som er 50 % lågare enn i fjor og skuldast hovudsakeleg at det interne bemanningssenteret har overtatt mykje av vikarleiga. Lønnsavviket kan hovudsakeleg tilskrivas variabel lønn då fastlønn har eit positivt avvik på kr 15,1 mill noko som kan tyde på mange vakante stillingar. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 8,7 mill der medisinske forbruksvarer utgjør kr 4,7 mill.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

Mai viser eit null resultat som gir eit negativt budsjettavvik på kr 0,9 mill. Akkumulert resultat etter fem månader er minus kr 4,3 mill som er kr 8,7 mill dårlegare enn budsjettet.

Inntektene viser eit positivt avvik på kr 11,2 mill medan personalkostnadane inkludert innleige av personell frå byrå viser eit negativt avvik på kr 18,1 mill. Den negative utviklinga innan personal-kostnader ser ut til å flate noko ut samanlikna med tidligare månader tiltross for auka aktivitetsnivå innan somatisk del. Det er spesielt innan bruk av vikarar frå byrå og overtid/ekstrahjelp ein ser ein forbetring medan fastlønn bidreg til eit auka negativt avvik. Andre driftskostnader har eit budsjettavvik på kr 1 mill som er omlag uendra sidan april.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

Styret i Helse Vest vedtok i møte den 13.04.2011 sak 053/11B å endre resultatkravet i Helse Bergen frå kr 160 mill til kr 140 mill i 2011.

Rekneskapan for mai viser eit resultat på kr 17,9 mill. Dette er kr 3,2 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 77,4 mill som er kr 9,7 mill betre enn budsjettet.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 45,4 mill medan kostnadssida syner eit negativt budsjettavvik på omlag kr 38 mill. Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit negativt budsjettavvik på kr 13,8 mill som inkluderer ei pensjonsforpliktning på kr 12 mill i samband med ny verksemd innan rusfeltet. Dette kan indikere at månadsverk og tilhøyrande lønnskostnad er på eit ønskeleg nivå sett i forhold til budsjett. Det er eit negativt budsjettavvik knytt til energikostnadar på om lag kr 10 mill og føretaket melder at dei har fokus på tiltak retta mot energiområdet.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

Resultatet i mai er minus kr 0,6 mill som er kr 2,7 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 16,9 mill som er kr 0,4 mill betre enn budsjett.

Inntektene hittil i år er i tråd med budsjett. Kostnadssida viser eit positivt avvik mot budsjett på kr 0,4 mill. Lønnskostnadane syner eit meirforbruk på kr 6,8 mill medan varekostnadane har eit mindreforbruk på kr 1,6 mill. Andre driftskostnadar viser eit mindreforbruk på kr 4,6 mill og finanskostnadane viser eit mindreforbruk på kr 1 mill.

Kjøp av helsetenester

Resultatet pr mai er kr 41,7 mill betre enn budsjettert. Avviket er hovudsakleg knytt til kjøp av lab-/røntgenenester og fellesprosjekt.

Administrasjonen

Resultatet pr april er kr 3,6 mill betre enn budsjettert og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt i årets første fire månader.

Sjukehusapoteka Vest

Føretaket har i mai eit resultat på kr 1 mill som er kr 0,7 svakare enn budsjett. Akkumulert er resultatet på kr 6,2 mill som er kr 2,7 mill betre enn budsjettert.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i mai er kr 1 mill som er kr 2,1 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 3,3 mill betre enn budsjettert.

3.2 Omstilling

Helse Stavanger

Føretaket har realisert kr 10,9 mill av den planlagde effekten på kr 23,1 mill pr mai. Dette utgjør ein realiseringsprosent på 47 % som er om lag som pr april. Det er spesielt Medisinsk service divisjon og Psykiatrisk divisjon som har låg grad av realisering.

Helse Fonna

Helse Fonna har sett i verk ei tiltakspakke på kr 51,4 mill med effekt f.o.m. april. Realisert effekt pr mai er på kun 18% målt mot plan men føretaket forventar at tiltaka skal virke, men med eit seinare innslagspunkt enn planlagt. Forventa måloppnåing ved årets slutt er berekna til kr 38,7 mill (75%).

Helse Bergen

Føretaket rapporterer ikkje på spesifikke omstillingstiltak.

Helse Førde

Helse Førde har ei omstillingspakke på kr 31,5 mill for året. Pr mai har tiltaka hatt ei effekt på kr 7 mill som gir ein realiseringsprosent på 78 % målt mot planlagt effekt på kr 9 mill. Føretaket melder ei tiltaksprognose som tilseier 98% effekt ved årets slutt.

3.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	13 800	13 800	0
Helse Bergen	140 000	140 000	0
Helse Fonna	-2 600	10 000	-12 600
Helse Førde	-65 000	-40 000	-25 000
Helse Stavanger	40 000	40 000	0
Fellesområde, føretaksgruppa	77 600	40 000	37 600
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	300	300	0
Sum	204 100	204 100	0

Alle tall i heile tusen

Alle føretak med unntak av Helse Fonna og Helse Førde og fellesområdet i føretaksgruppa melder ei prognose som tilsvarende budsjettert resultatkrav.

Forventa resultat for fellesområdet i føretaksgruppa er justert opp kr 37,6 mill hovudsakleg som følgje av lågare kjøp av helsetenester frå andre enn planlagt.

Helse Fonna rapporterer ei prognose for året som viser eit resultat på minus kr 12,6 mill mot resultatkravet på kr 10 mill. I denne prognosen er det innarbeidd ei forventa måloppnåing på 75 % av den etablerte tiltakspakka på kr 51,4 mill.

Helse Førde har utarbeidd ein prognose for året som viser eit resultat som kr 25 mill dårlegare enn budsjett. Hovudårsaka til avviket er knytt til lønnsområdet generelt og lønnsoppgjøret spesielt. Prognosen er basis for å utarbeide tiltak på område som har den største risikoen i budsjettet for 2011.

3.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av mai ein netto likviditet på minus kr 773 mill (innskot bank med fråtrekk for driftskreditt i Noregs Bank). Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.



Likviditeten forverrar seg mot slutten av året som følge av betaling av KLP reguleringspremie. Samla sett ligg likevel driftskreditten godt innfor tildelt trekkramme. Det er usikkerheit knytt til prognosen særleg i forhold til framdrifta på investeringsprosjekta, men og i forhold til resultatoppnåinga. Helse Vest vil følgje opp likviditetssituasjonen framover og om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

4. Medarbeidarar

Sjukemeldt frávær var 5,8 % pr mai 2011 noko som er ein liten nedgang på 0,4 prosentpoeng frå april 2011. Samla sjukefrávær for føretaksgruppa var 6,7 % per mai 2011. Det er ein nedgang på 0,4 prosentpoeng i forhold til april 2011. Brutto månadsverk for føretaksgruppa er 18 546 pr mai, noko som er ein nedgang på 175 brutto månadsverk samanlikna med april i år, og ein auke på 391 brutto månadsverk samanlikna med mai i fjor.

Føretaksgruppa Helse Vest - Sjukefrávær

Det samla sjukefráværet for føretaksgruppa var 7,1 % ved utgangen av april 2011 og 6,7 % ved utgangen av mai 2011. I forhold til det samla sjukefráværet i mars 2011 er det ein nedgang på 0,6 prosentpoeng for april og 1 prosentpoeng for mai.

Det sjukemeldte fráværet var i april på 6,2 %, og for mai på 5,8 %. Det er ein nedgang på 0,3 prosentpoeng for april og ein nedgang på 0,7 prosentpoeng for mai i forhold til mars 2011.

I forhold til i fjor var det samla sjukefráværet på 6,3 % for april 2010 og på 6,7 % for mai 2010. Det sjukemeldte fráværet var på 5,5 % for april og på 6,0 % for mai i fjor. Sjukefráværstala for april 2010 er noko lågare enn for april 2011. Når det gjeld sjukefráværstala for mai 2010 er dei omtrent på same nivå for mai 2011.

Gjennomsnittleg lengde sjukemeldt frávær er på 10,3 dagar for mai 2011.

For mai måned var fordelinga for sjukemeldt frávær i intervallet 17-56 dagar på 3,4 %, og intervallet over 56 dagar var på 0,4 %. Korttidsfráværet i mai utgjorde 2,1 %. Hovudtyngda av korttidsfráværet finn ein i intervallet 9-16 dagar, som utgjør 1,3 %.

Det samla sjukefráværerdagsverket for føretaksgruppa var 25 391 ved utgangen av mai 2011. Det er ein nedgang på 832 sjukefráværerdagsverk frå april 2011.

Føretaksgruppa Helse Vest - Månadsverk

Netto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per mai 2011 var 17 046. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 22 netto månadsverk. Netto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per mai 2010 var til samanlikning 16 712. Dette har vore ein auke på 333 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per mai 2011 var 18 546. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 175 brutto månadsverk. Brutto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per mai 2010 var til samanlikning 18 155. Dette har vore ein auke på 391 netto månadsverk.

Den største auken ligger i Helse Bergen og Helse Stavanger, som begge hadde ein auke på om lag 157 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid


	Andel deltid	Gjennomsnittlig stillingsprosent	Måltal
Utlønningsprosent	42,42 %	84,18 %	
Juridisk stillingsprosent	42,04 %	84,30 %	
Justert stillingsprosent	39,49 %	85,20 %	87,70 %

Gjennomsnittlig stillingsprosent for heile føretaksgruppa var i per medio juni 2011 på 85,20 %. Måltalet for føretaksgruppa er på 87,7 %

Oversikt over faste tilsette, fordeling på deltid og heiltid.

	Deltid	Heiltid
		100 %
201012	7 401	9 731
201101	7 489	9 773
201102	7 441	9 725
201103	7 563	9 888
201104	7 572	9 917
201105	7 523	9 886
201106	7 381	9 884

Føretaksgruppa Helse Vest



For føretaksgruppa er det per medio juni 2011 9 884 medarbeidarar som er fast tilsette i heil stilling. Det betyr at 57 % av alle dei faste tilsette har 100 % stilling. 7 381 medarbeidarar er fast tilsette i deltidsstilling, noko som betyr at 43 % av alle dei faste tilsette i Helse Vest har ein stillingsstørrelse mellom 0,1 % og opp til 99,9 % stilling.

Stillingsreduksjonsprosent	Ikkje svart på spørsmålet	0,1 % - 99,9 %	100 %	Totalt
Andre årsaker	353	221	3	577
Etter eget ønske	346	291	1	638
Gradert AFT/alderspensjon	2	14	0	16
Gradert sykemelding	0	5	0	5
Gradert tilrettelegging	1	4	0	5
Gradert uførepensjon	12	69	0	81
Ikkje registrert årsak/ikke relevant	48	11	0	59
Redusert stilling grunnet helsemessige årsaker	16	42	0	58
Redusert stilling pga sosiale eller andre vektige velferdsgrunner	5	44	0	49
Stilling hos annen arbeidsgiver	37	13	0	50
Stilling/bistilling utdanningsinstitusjon	13	8	0	21
Utdanningspermisjon	2	2	0	4
Totalt	835	724	4	1563

Totalt har 1 563 personar i føretaksgruppa svart på spørsmåla i deltidskartlegginga per medio juni 2011.

Helse Stavanger

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Helse Stavanger var på 6,1 % per april 2011 og på 6,3 % per mai 2011. Det samla sjukefråværet for april 2011 er 1,1 prosentpoeng lågare enn tilsvarande tal for mars 2011. Det samla sjukefråværet i mai er 0,2 prosentpoeng høgare enn for april 2011. I forhold til det samla sjukefråværet i mai 2010 har det vore ein auke på 1 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fráværet var på 5,2 % per april 2011 og på 5,4 % for mai 2011. Det sjukemeldte fráværet for april 2011 er 0,8 prosentpoeng lågare enn tilsvarende tal per mars 2011. Det sjukemeldte fráværet i mai er 0,2 prosentpoeng høgare enn for april 2011. I forhold til det sjukemeldte fráværet i mai 2010 har det vore ein auke på 0,9 prosentpoeng.

Månadsverk

Netto månadsverk for Helse Stavanger per mai 2011 var 4 677. Samanlikna med april 2011 er det ein auke på 21 netto månadsverk. Netto månadsverk for Helse Stavanger per mai 2010 var til samanlikning 4 535. Det har vore ein auke på 142 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Stavanger per mai 2011 var 5 076. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 37 brutto månadsverk. Det har vore ein auke på 157 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før.

Helse Fonna

Sjukefrávær

Det samla sjukefráværet i Helse Fonna var på 7,3 % per april 2011 og på 6,6 % per mai 2011. Det samla sjukefráværet for april 2011 er 0,3 prosentpoeng høgare enn tilsvarende tal for mai 2011. Det samla sjukefráværet i mai er 0,7 prosentpoeng lågare enn april 2011. I forhold til det samla sjukefráværet i mai 2010 har det vore ein nedgang på 0,9 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fráværet var på 6,4 % per april 2011 og på 5,9 % per mai 2011. Det er ein auke på 0,5 prosentpoeng i forhold til mars 2011. For mai er det ein nedgang på 0,5 prosentpoeng i forhold til april 2011. Sett i forhold til mai 2010 har det vore ein nedgang på 0,2 prosentpoeng.

Månadsverk

Netto månadsverk for Helse Fonna per mai 2011 var 2 575. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 7 netto månadsverk. Netto månadsverk for Helse Fonna per mai 2010 var til samanlikning 2 473. Det har vore ein auke på 102 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Fonna per mai var 2 769. Samanlikna med mai 2011 er det ein nedgang på 33 brutto månadsverk. Det har vore ein auke på 97 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før.

Helse Førde

Sjukefrávær

Det samla sjukefráværet i Helse Førde var på 6,7 % per april 2011 og på 5,5 % per mai 2011. Frå april til mai 2011 har det vore ein nedgang på 1,2 prosentpoeng. Dette var og ein nedgang for det samla sjukefráværet på 0,5 prosentpoeng frå april i forhold til mars 2011. Samanlikna med same periode i fjor, har det vore ein nedgang på 0,5 prosentpoeng i det samla sjukefráværet frå mai 2010 til mai 2011.

Det sjukemeldte fráværet var 5,9 % per april 2011 og 4,9 % per mai 2011. For det sjukemeldte fráværet er det ein liten nedgang på 0,1 prosentpoeng for april 2011 i forhold til tilsvarende tal i mars 2011. Det er ein nedgang på 1,0 prosentpoeng i det sjukemeldte fráværet frå april 2011 til mai 2011. Det sjukemeldte fráværet i mai 2011 er 0,5 prosentpoeng lågare enn i forhold til tilsvarende tal i mai 2010.

Månadsverk

Netto månadsverk for Helse Førde per mai 2011 var 1 959. Samanlikna med april 2011 er det stabilt. Netto månadsverk for Helse Førde var 1 996 per mai 2010. Det har vore ein nedgang på 18 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Førde per april 2011 var 2 166. Samanlikna med mai 2011 er det ein nedgang på 32 brutto månadsverk. Dette har vore ein nedgang på 18 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før.

Helse Bergen

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Helse Bergen var på 7,8 % per april 2011 og på 7,3 % per mai 2011. Det er ein nedgang i det samla sjukefråværet på 0,5 prosentpoeng frå april 2011 til mai 2011. Det var og ein nedgang på 0,7 prosentpoeng for det samla sjukefråværet fra mars 2011 til april 2011. I forhold til mai 2010 har det vore ein nedgang på 0,3 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fråværet var på 6,8 % per april 2011 og på 6,3 % per mai 2011. Frå april til mai 2011 har det vore ein nedgang på 0,5 prosentpoeng. For det sjukemeldte fråværet er det vore ein nedgang frå mars 2011 til april 2011 på 0,3 prosentpoeng. I forhold til mai 2010 er det ein nedgang på 0,7 prosentpoeng.

Månadsverk

Netto månadsverk for Helse Bergen per mai 2011 var 7 834. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 19 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Bergen per mai 2011 var 8 538. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 74 brutto månadsverk. I forhold til mai 2010 har det vore ein auke på 156 brutto månadsverk.

Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Sjukehusapoteka Vest var på 7,6 % per april 2011 og på 6,4 % per mai 2011. Det er ein nedgang på 1,2 prosentpoeng frå april til mai. I forhold til mai 2010 er det ein nedgang på 1,5 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fråværet var på 6,5 % per april 2011 og på 5,2 % per mai 2011. Det er ein nedgang på 1,3 prosentpoeng frå april til mai. I forhold til mai 2010 er det ein nedgang på 1,7 prosentpoeng.

Månadsverk

Netto månadsverk for Sjukehusapoteka per mai 2011 var 180. Samanlikna med april 2011 er det stabilt for netto månadsverk. Det har vore ein nedgang på 3 netto månadsverk frå mai 2010 til mai 2011.

Brutto månadsverk for Sjukehusapoteka per mai 2011 var 189. Samanlikna med april 2011 er det stabilt for brutto månadsverk. I forhold til mai 2010 har det vore ein auke på 3 brutto månadsverk.

Helse Vest IKT

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Helse Vest IKT var på 5,1 % per april 2011 og på 4,8 % per mai 2011. Det er ein nedgang på 0,3 prosentpoeng frå april til mai 2011. I forhold til mai 2010 er det ein auke på 0,7 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fråværet var på 4,0 % per april 2011 og på 3,7 % per mai 2011. Det er ein nedgang på 0,3 prosentpoeng frå april til mai 2011. I forhold til mai 2010 er det ein auke på 0,8 prosentpoeng.

Månadsverk

Netto månadsverk for Helse Vest IKT per mai 2011 var 242. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 11 netto månadsverk. Det har vore ein auke på 4 netto månadsverk frå mai 2010 til mai 2011.

Brutto månadsverk for Helse Vest IKT per mai 2011 var 246. Samanlikna med april 2011 er det ein nedgang på 10 brutto månadsverk.

Helse Vest RHF

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet ved Helse Vest RHF var på 2,39 % for første tertial 2011.

Oppfølging av variable timer hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Det er framleis ein auke på bruk av meirarbeid i kroner på om lag 3 %, mens meirarbeid i timar har ein nedgang på 2 % i føretaksgruppa samla. Overtid inkludert utrykking har ein nedgang både i kroner og timar. Dette går ned når brutto månadsverk går ned.